

1. Innleiing

Anne-Cath. Vestly gav i 1953 ut småbarnsboka *Ole Aleksander Filibom-bom-bom*, noko som vart starten på eit langt forfatterskap. Først i denne oppgåva vil eg gje eit lite oversyn over korleis barnelitteraturen generelt utvikla seg i åra etter krigen, og med utgangspunkt i dette reflektere over korleis denne boka kan spegla samtida si, både historisk og litterært. Sidan vil eg med utgangspunkt i påstanden ”Tida har gått frå desse forteljingane, dei fasinerar ikkje lenger barn i vår tid” drøfte på kva måte, og om desse forteljingane framleis kan vera aktuelle for barn i dag.

Problemstillinga mi er denne: Korleis avspeglar *Ole Aleksander Filibom-bom-bom* si eiga samtid, og på kva måte kan bøkene om denne guten vera aktuelle for barn i dag?

2. Barnelitteraturen i etterkrigstida

Ole Aleksander Filibom-bom-bom kom ut mindre enn ti år etter andre verdskrig, i ei tid som i Noreg var prega av vekstoptimisme og sterk tru på framtida. Kjernefamilien står fram som det bindande fundamentet i tilværet, samstundes som ein opplever ei tiltakande urbanisering. Fritida som fenomen slår rot i den arbeidande middelklassen og innføring av sosiale reformer vert sett på dagsordenen. Tendensar til eit nytt syn på barnet sin stilling i samfunnet kjem til uttrykk også reint politisk, med innføringa av barnetrygda i 1946.

”Vekstoptimismen i samfunnslivet fekk sin psykologiske parallell i vekstpedagogikken [...]”, skriv Birkeland og Storaas (1993 s. 81). Barnelitteraturen hadde i dei første etterkrigsåra naturleg nok fokus på ”det harmoniske barnet”, og ein ville vekk frå den autoritære og individualistiske oppsedingslitteraturen som hadde prega mellomkrigstida. Det individualistiske perspektivet vart likevel ikkje forlate, men ein vart sterkare oppteken av å syne røynda frå barnet sin ståstad, og det er særleg frå 50-talet og utover ein ser at forfattarane av barnelitteraturen i større grad enn tidlegare solidariserar med barna. Dette gjenspeglast også i den endra relasjonen mellom barn og vaksne, der oppsedinga no skulle vera konfliktfri, og straff som verkemiddel i karakterutviklinga vart erstatta med grensesetjing (Birkeland & Storaas 1993 s. 76-81). Barndommen fekk med andre ord eigenverdi.

3. Ole Aleksander og samtida

I *Ole Aleksander Filibom-bom-bom* fører Anne-Cath. Vestly oss inn i verda til ein gut på litt over fire år. Til skilnad frå tidlegare barnelitteratur skil Vestly seg radikalt ut ved at ho

plasserar forteljinga si i ein storbykontekst (Vold 1990 s.148). Ho moderniserar den realistiske småbarnsforteljinga, og tekstane hennar om Ole Aleksander gjenspeglar realiteten mange små barn opplever i etterkrigstida. Forteljingane formidlar Vestly gjennom Ole Aleksander sine auge, og syner som nemnt over røynda gjennom barnet sitt perspektiv.

Ole Aleksander er ein harmonisk liten gut som bur i ei høgblokk midt i byen. Han har det trygt og godt saman med mor og far i kjernefamiliesettinga. Mor er heimeverande, og utgjer den tolmodige og trygge ramma. Far er ute i arbeid, men er i aller høgste grad til stades i forteljingane. Både far og bestefar er med å leikar, og stadfestar fritid versus arbeid som ein realitet. Ole Aleksander møter stadig utfordringar i kvardagen han må meistre. Dei kan til tider vera nokså dramatiske, som hendinga i heisen og rulletrappa. Allegorisk sett kan desse hendingane illudere den nye tida med framskrittet som både fasinerande og skremmande. Likevel skjønner me at krigen ikkje har vore langt unna. Assosiasjonar til rasjonalisering dukkar opp i forteljinga om julegåvene.

Noko anna som set Vestly inn i den nye pedagogiske oppsedingstradisjonen er fråværet av straff i forteljingane. Mor og far kjem berre med rettleiande kommentarar, og me skjønner i staden at Ole Aleksander utviklar ei erkjenning gjennom forteljingane, som i siste instans har ein sjølvoppdragande effekt.

På mange måtar gjenspeglar tekstane om Ole Aleksander samtida si. Det nye synet på barndommen som lausriven frå den vaksne verda vert godt formidla av Vestly. Ho evnar å gje stemme til barna sitt univers, til å skildre verda sett frå ein liten gut sitt perspektiv, der samhandlinga mellom barnet og dei vaksne er eit viktig tema (Birkeland, Risa & Vold 2005 s. 195). Den historiske konteksten er på plass med den nye og raske utviklinga i samfunnet, urbaniseringa, kjernefamilien, mor sin plass i heimen, auka fokus på fritid, samt eit sosialistisk blikk på tilværet der søppelmenn sitt arbeid er likestilt med kven som helst andre sitt. Likevel kan ein sjå tendensane som seinare vert vel så tydelege i Vestly sitt forfattarskap (Vold 1990), nemleg den samfunnskritiske stemma, som her er meir antydande enn eksplisitt. I *Ole Aleksander Filibom-bom-bom* kjem ho blant anna så vidt inn på eit kjønnsrollemønster som ynskjust endra. Me får høyre om trollfar som sit barnevakt, om bestefar som ordnar julepresangar, om mor som går i guteklede og kjørar rattkjelke like godt (eller dårleg) som far. Slik sett kan ein seie at Vestly var forut for si tid og banebrytande, utan at det dermed er sagt at desse tendensane og tankane ikkje allereie eksisterte i samtida.

Og til sist, forteljingane om Ole Aleksander handlar om ein liten gut som veks opp i byen, og speglar ikkje røynda for dei mange som for eksempel budde på landet. Forteljingane gjenspeglar ikkje heile samtida si, berre delar av ho.

4. Ole Aleksander og tala

Fyrste gong barn stifte kjennskap til Ole Aleksander var gjennom barnetimen i radio i 1952. Allereie året etter vart forteljingane utgitt i bok (Vold 1990 s. 148). Sidan den gong har Anne-Cath. Vestly blitt "[...] en yndlingsforfatter, en levende klassiker – og et fenomen på norsk bokmarked." (Birkeland, Risa & Vold 2005 s. 202). Med utgangspunkt i påstanden og problemstillinga i innleiinga vil eg no i resten av oppgåva sjå på korleis, og om desse forteljingane framleis kan fasinere barn i dag.

Det tjuande opplaget av *Ole Aleksander Filibom-bom-bom* kom ut så seint som i 1999, og den nyaste lydbokutgåva kom i 2005 (Norsk bokfortegnelse 2007). Dette fortel oss at etterspurnaden av boka har heldt seg så pass at forlaga har sett det naudsynt å trykkje nye opplag, og sidan 1953 har den fyrste boka om Ole Aleksander seld i ein halv million eksemplar (Korsvold 2003). Ser ein derimot på utlånsstatistikken til Bibliofil-biblioteka over dei hundre mest utlånte bøkene dei siste fem åra, kan ein ikkje finne Vestly sine bøker på nokre av desse listene (100 mest utlånte barnebøker 2007). Nå representer ikkje Bibliofil-biblioteka alle folke- og skulebibliotek i landet, men statistikken syner oss ein tendens som ikkje er til å kome forbi, nemleg at Vestly sine bøker vert velt bort til fordel for meir populære titlar og forfattarar.

5. Den entusiastiske foreldregenerasjonen

Då mine foreldre vaks opp på 50-talet var vala mellom medium ikkje like store som dei er i dag. Radioen samla det norske folk, står det skrive i *Norsk barnelitteraturhistorie* (Birkeland, Risa & Vold 2005 s. 173). Ein heil generasjon nordmenn fekk forteljinga om Ole Aleksander ut av radioen og rett inn i stova. Det var ei annleis historie og ei historie som fengja. Ikkje utan innverknad for populariteten var nok også Vestly si evne til munnleg formidling (Vold 1990 s. 148). Då eg var i Vestly si primære målgruppe tidleg på 80-talet kan eg framleis hugse mamma sin entusiasme (den er der forresten enno) over desse forteljingane, som naturleg nok smitta over på meg, og som for dei fleste andre born i Noreg sidan 50-talet vart Ole Aleksander og dei andre figurane i Vestly sitt univers ein naturleg del av mitt litterære referanseverk i barndommen (Vold 1990 s. 152).

Eg trur ikkje denne tendensen vil snu seg med det aller første. Eg trur stadig me vil ha entusiastiske foreldre som les dei same forteljingane for sine barn, som dei sjølv fekk høyre i eigen barndom, men nett same smittande entusiasme. "Når det gjelder bøker for barn er vi både sentimentale og tradisjonelle. Vi har en tendens til å kjøpe de bøkene vi leste selv.", står

skrive i Aftenposten for nokre få år tilbake (Korsvold 2003). I same artikkel kan me lesa at dei gamle klassikarane står for halvparten av omsetjinga til forlaga. Dette kan i stor grad forklara tala over med tanke på nye opplag og langvarige høge salstal. *Ole Alexander Filibom-bom-bom* har gått over til å bli ein såkalla langseljar (Ridderstrøm 2006 s. 98). Boka har slutta å trone øvst på bestseljarlistene, og salstala skulle tyde på at dette er ein bok mange har i si eiga bokhylle. Dei låge utlånstala i biblioteka, samt det store omfanget og tilbodet av nye barneboktitlar, kan delvis forklarast på dette viset.

6. Ole Alexander og barna si førestillingsverd

Sjølv om tala over frå forlagsbransjen syner at boka stadig vert kjøpt, kan ein ikkje dermed seie at det er kongruens mellom salstala og barna si fengsling, heller ikkje mellom foreldra si fengsling og barna si eventuelle. Er det då noko ved karakteren Ole Alexander, hans verd og opplevingar, som uavhengig av tid, kan seiast å vera universelle for norske barn? I stor grad meiner eg at det er det. Vestly er sagt å vera ein modernistisk realist (Birkeland, Risa & Vold 2005 s. 195), og realismen hennar held stikk på ein del punkt enno.

Kvardagen til Ole Alexander er ikkje så veldig ulik kvardagen til fireåringar i byen sjølv i dag, og eg trur mange av referanserammene er dei same. Oppdagingsferder i nærområdet, dialogen og samhandlinga med foreldre, samt utviklinga av eit medvit der ein ser seg sjølv i forhold til omgivnadane og menneska rundt. Å ta heis og rulletrapp, krysse vegen og gå seg bort for fyrste gong, er noko dei fleste barn har eit forhold til eller kan førestille seg. Å la trestubben bli eit tog for å kunne vitje trollfar i skogen er heller ikkje vanskeleg å sjå for seg i eit barn si førestillingsverd.

Nokre av elementa i forteljingane kan likevel seiast å ha gått ut på dato, til dømes mjølkebutikken, morgongymnastikken og kanskje parktantene, sjølv om assosiasjonar til barnehagetantene ikkje burde vera langt unna. Uansett er ikkje desse elementa særleg avgjerande og framtredande i forteljingane, og kan i staden bli morosame digresjonar om ”då bestemor var lita jente”, ikkje ulikt mange av verkemidla ein kan finne att i den populære fantastiske litteraturen i dag.

Eit anna punkt som samstundes er viktig å ikkje miste av synet er at desse forteljingane i all hovudsak er skrivne for barn under skulealder, dei er småbarnslitteratur skrivne i ein munnleg forteljarstil (Vold 1990 s. 152). Barn i denne alderen les som regel ikkje sjølve, men må bli lest for. Å bli lest høgt for kan tilføra historia ein ekstra dimensjon, der lesaren delvis kan verkeleggjera karakterar og hendingar, og såleis gjera forteljingane meir

spanande og innhaldsrike. At eldre born som les bøkene om Ole Aleksander sjølve, kan missa denne ekstra dimensjonen er ikkje usannsynleg, samstundes som bøkene kan verke både enkle og banale for dei eldre barna. Frå ein åtteåring sin ståstad er det ikkje vanskeleg å skjønna at Harry Potter vinn i kampen mot Ole Aleksander.

7. Ole Aleksander og det typisk norske

På ei førellesning i haust, då tilsette frå Det Fleirspråklege bibliotek frå Deichmanske var på vitjing, vart me fortalt at Anne-Cath. Vestly sine bøker ikkje såg ut til å fenge andre enn dei etnisk norske barna og foreldra (førellesning i Bibliotek og samfunn 11. og 14. september 2006). Dette var observasjonar som var gjort, og tankane dei hadde kring dette var at bøkene sannsynlegvis var for typisk norske til å slå an hjå andre etniske grupper i samfunnet.

Sjølv om dette er eit faktisk fenomen, og utlånsstatistikken for Bibliofil-biblioteka, bibliotek ein i stor grad finn i områda i Noreg med størst innvandring (Bibliofil folkebibliotek 2007), tilsynelatande kan støtta opp om den same tendensen, er det ikkje dermed sagt at bøkene om Ole Aleksander ikkje har ei universell referanseramme også til andre etniske grupper i samfunnet. I noko monn kan eg vera einig i at dette kan vera tilfelle for nokre av forteljingane, som sekvensen i akebakken i jula der ”ut å gå på tur”-mentaliteten til nordmenn tydeleg kjem fram, men elles finn eg lite som er veldig typisk norsk. Eg trur rett og slett det er den historiske konteksten som gjer at me nordmenn har det forholdet til Vestly sine karakterar som me har. For dei som ikkje har denne bakgrunnen vil bøkene om blant anna Ole Aleksander berre bli ei bok i mengda i konkurransen med all den andre flotte barnelitteraturen som no finst på bokmarkedet.

8. Konklusjon

Bøkene om Ole Aleksander kan i høg grad seiast å spegle samtida si, både litterært, historisk og mentalitetsmessig. Samstundes var Vestly forut for si tid med den realistiske skildringa av den moderne kvardagen i ein storby, men det er treng ikkje nødvendigvis vera noko motsetjingsforhold mellom det å skrive om samtida si og å vera forut for si tid. Å vera forut for si tid er også samtidig. Likevel er det viktig å ha i minne at det berre er deler av samtida ho speglar, ikkje alle ulike fasettar i samfunnet på den tida.

Eg meiner fireåringar i dag kan ha like stor glede av forteljingane om Ole Aleksander som deira foreldre og besteforeldre hadde, referanserammene og kvardagen til små barn har ikkje endra seg så drastisk. Det er samstundes viktig å hugse på at bøkene om Ole Aleksander

siktar seg inn på ei målgruppe som enno ikkje les sjølv, dei må bli lesne til. I mange tilfelle vil det derfor vera foreldra sine litterære referansar som avgjer kva som skal lesast. Forteljingane om Ole Aleksander er ikkje lenger bestseljarar, dei er blitt klassiske langseljarar.

9. Litteraturliste

100 mest utlånte barnebøker i Bibliofil-bibliotek de siste 6 måneder. Lokalisert 30. mai 2007 i Bibliofil frå Bibliotek-systemer As på Verdsveven: <http://www.bibsys.no/top100ustat-barn.html>

Bibliofil folkebibliotek. Lokalisert 31. mai 2007 i Bibliofil frå Bibliotek-systemer As på Verdsveven: <http://www.bibsys.no/kundeliste/fob.php>

Birkeland, T. & Storaas, F. (1993). *Den store biletboka*. Oslo: Cappelen.

Birkeland, T., Risa, G. & Vold, K.B. (2005). *Norsk barnelitteraturhistorie* (2. utg.). Oslo: Samlaget.

Korsvold, K. (2003, 22. april). Gullalder for barnebøkene. *Aftenposten* (morgenutg.), s. 13.

Norsk bokfortegnelse. Lokalisert 31. april 2007 i Nasjonalbiblioteket sin database Nb.no på Verdsveven: <http://www.nb.no/baser/norbok2/norbok.php>

Ridderstrøm, H. (2006). *Litteraturhistoriske tekstpraksiser*. Oslo: Høgskolen i Oslo.

Vestly, A.K. (1984). *Ole Alexander Filibom-bom-bom* (15. oppl.). Oslo: Tiden.

Vold, K.B. (1990). Barnas talskvinne: Anne-Kath. Vestly. I: I. Engelstad, J. Hareide, I. Iversen, T. Steinfeld & J. Øverland (red.), *Norsk kvinnelitteraturhistorie: Bind 3 1940-1980* (s.147-153). Oslo: Pax.